

---

**Saknr:** 2020/45507-1  
**Saksbehandlar** Even Vaular  
**Dato:** 24.03.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet

---

**Frå:** Dina Lefdal, fylkesdirektør for infrastruktur og veg

---

## Foreldreaksjon for tryggare veg, Fv5724 (gamle Fv724) Olden-Briksdal (Oldedalsvegen)

I brev dagsett 24. februar uttrykker «foreldregruppa for Trygg veg Olden - Briksdal» si uro for Fv5724 Olden-Briksdal (Oldedalsvegen), kor dei sender barn og unge til barnehage og skule. Vegen er rasutsett, noko som saman med dårleg vegstandard, forfall og aukande trafikk uroar foreldregruppa. Brevet finn de vedlagt, saman med ein avisartikkel som det vert vist til i brevet, og ein rapport om skredsikringspunkt frå Statens vegvesen.

### Kort om vegen

Fylkesveg 5724 (gamle Fv724) går frå Olden inst i Nordfjord, og sørover Oldedalen til Briksdal. Vegen er 22,1 km lang, og har ein gjennomsnittleg trafikkmengde (ÅDT) som går frå 950 nærast Olden til 450 frå Floten og inn til Briksdal. Trafikken er vesentleg høgare i sommarhalvåret, grunna turisme.

I Statens vegvesen sin rapport frå 2019 om skredsikringsbehovet for riks- og fylkesvegar i Region vest (gamle Hordaland, gamle Sogn og Fjordane og Rogaland fylke) er det tatt med sju skredsikringspunkt<sup>1</sup> langs Fv5724 (sjå kart på neste side). Fem av desse er gitt ein høg skredfaktor, det vil seie at risikoen for skred er vurdert som høg. Dei to siste er i kategorien middels skredfaktor. Dei tre punkta med lågast skredfaktor (Sandnesfonna, Aksnesfonna og Breiskreda) ligg langs nordre basseng av Oldevatnet (650 ÅDT), medan dei fire med høgst skredfaktor (Kroka, Sandvika og Bukkeskora, Heimefonna og Fossvega) ligg langs syndre basseng. Rapporten gir eit grovt estimat (40 prosent usikkerheit) på drygt 600 mill. kr. for sikring av dei sju punkta.

---

<sup>1</sup> Punkt med nedfall frå skjering vert ikkje rekna som eit skredsikringspunkt. Slike punkt kjem difor ikkje fram rapporten.



Figur 1: Kart over registrerte skredsikringspunkt (sju punkt/strekningar) på Fv5724. Raud farge syner høg skredfaktor og blå farge middels skredfaktor.

#### Vedlegg

- 1 Ope brev til ansvarlege politikarar i kommune og fylke
- 2 NRK 5. februar 2020 - Vegvesenet med rangering av rasfare. Seks av dei ti mest rasfarlege vegane ligg i Vestland
- 3 Statens vegvesen 2019 - Skredsikringsbehov for riks- og fylkesvegar i Region vest